



Tips til emne for bachelor- og masteroppgåver

Nynorsksenteret sitt mandat er å utvikle og formidle ressursar for nynorsk i opplæringa. Vi gir tilbod til alle aldersgrupper (frå barnehagen til og med vidaregåande opplæring), og vi arbeider med nynorsk både som hovudmål og sidemål. Vi har også som oppdrag å bistå UH i arbeidet for betre nynorskopplæring i lærarutdanningane.

Sidan starten i 2005 har vi gjennomført mange store og små prosjekt i samarbeid med barnehagar og skular over heile landet. Denne forsøksverksemda har blitt dokumentert og rapportert fortløpande, og vi har etter kvart fått ein fyldig base med rapportar. Desse rapportane har fungert godt både som utgangspunkt for nye prosjekt, og som grunnlag for å utvikle nye læringsressursar.

Nynorsksenteret ser gjerne at prosjekta og rapportane våre også kan vere utgangspunkt for nye master- eller bachelorprosjekt, gjerne også som inspirasjon til andre prosjekt- eller semesteroppgåver for lærarstudentar.

Det finst i dag mykje teori og fou-aktivitet knytt til skrivning og lesing generelt, og til ulike måtar å drive undervisning på. Lite av dette har nynorskperspektiv. Vi treng difor studentar som kan gå inn i problemstillingar knytt til nynorskopplæring, og sjå det som foregår i klasseromma og barnehagegruppene i samangheng med relevant teori. Her trur vi at vi kan få til eit betre samarbeid med dei etablerte UH-miljøa, inkludert master- eller bachelorstudentar på jakt etter gode prosjekt.

Dersom nokon er interesserte å skrive oppgåve på master- eller bachelornivå (eller andre oppgåver) med utgangspunkt i eitt eller fleire av prosjekta våre, står vi gjerne til disposisjon med supplerande dokumentasjon og informasjon. Om ynskjeleg kan vi også vere med på drøfte forskingsspørsmål og val av metode, men dette er noko som studentar og rettleiarar sjølv sagt står fritt til å velje.

Ta gjerne kontakt viss nokon av dei prosjekta vi har tatt med i oversynet under ser interessante ut, eller om de har andre problemstillingar knytt til fagområdet "nynorskopplæring". Vi presiserer at våre framlegg ikkje er ferdig formulerte forskingsspørsmål, men at dei er tenkte som utgangspunkt for vidare refleksjon og som grunnlag for eigne oppgåveformuleringar.

Meir om Nynorsksenteret sine prosjekt dei siste åra:

<http://www.nynorsksenteret.no/nyn/forsking-og-utvikling/samarbeidsprosjekt>

http://www.nynorsksenteret.no/nyn/forsking-og-utvikling/fou_rapportar-1

Volda, april 2017
Torgeir Dimmen
Leiar, Nynorsksenteret

Aktuelle tema

(Tala bak temaet viser til prosjektoversynet på dei neste sidene)

Nynorskstimulering i barnehagen: 1, 2, 3, 4

Språkopplæring/språkstimulering: 1, 6, 9, 10

Litteraturformidling: 2, 3, 4,

Lesemotivasjon: 2, 3, 4, 5

Nynorsk som hovudmål: 1, 6, 10, 12

Nynorsk som sidemål: 5, 7, 8, 9, 11

Nynorsk for fleirspråklege: 6

Nynorsk i lærarutdanninga: 13

Vurdering og rettleiing: 10, 11

Kontaktinformasjon til tilsette ved Nynorsksenteret:

<http://nynorsksenteret.no/nyn/om-senteret/tilsette>

Idear til fleire oppgåvetema enn dei som er lista opp her finn du på heimesida vår *nynorsksenteret.no*.

Ei anna tipskjelde kan vere ressursane som blir utvikla til den nasjonale lese- og skrivesatsinga Språkløyper: *sprakloyper.no*.

Utvalde prosjekt (april 2017)

1) Barnehage, generelt

I Noreg er det eit mangfald av dialektar og språk. Dette er ein del av oppvekstmiljøet, og det er difor viktig at alle born får eit bevisst forhold til den lokale språksituasjonen og til det språklege mangfaldet heilt frå barnehagealder.

Det er særleg viktig å setje språkmiljøet på dagsorden i barnehagar i kommunar der borna skal ha nynorsk som hovudmål på skulen. Tidleg språkleg påverknad har mykje å seie for språkutviklinga, og for at dei skal verte trygge på språket sitt. Det vil vere ein fordel for seinare lesing og skriving om borna tidleg har møtt nynorske tekstar, til dømes gjennom at dei vaksne har lese nynorske bøker. Bokmålspåverknaden frå media og i bøker er stor, og vi veit for lite om korleis literacypraksisane er i barnehagar i nynorskområde.

UTKAST TIL PROBLEMSTILLINGAR:

- Korleis er nynorsk synleg i barnehagen?
- Korleis blir nynorsk tematisert i barnehagen?
- Kva er god språkstimulering i barnehagen? Kva er god nynorsk språkstimulering?
- Kva kompetanse treng barnehagelæraren om tidleg skriftspråkpåverknad?
- Korleis bruke digitale ressursar på nynorsk i barnehagen. Berte og Iver:
<http://www.nynorsksenteret.no/berteogiver>

- Det er mange underforsa spørsmål om den norske barnehagen, sjølv om eit så omsnakka tema som språk og språkstimulering. Fleire av dei spørsmåla knyter seg til nynorsk. Dette skriv Eli Bjørhusdal i **Nynorsk med dei minste** (kjem i løpet av 2017). Denne boka vil vere eit viktig grunnlag for forskning på alle nivå.

Om barnehage-ressursane: <http://www.nynorsksenteret.no/nyn/alderssteg/barnehage>

Kontaktpersonar NYS for barnehageprosjekt: Liv Kristin B. Øvereng og Anne Marta V. Vadstein

2) Nynorske lesefrø (barnehage)

Nynorske lesefrø er eit prosjekt der Nynorsksenteret, bibliotek og barnehagar har samarbeidd om å bruke nynorsk litteratur og andre nynorske ressursar i arbeidet med språkstimulering i barnehagen. Det er bibliotekaren i kvar kommune som har vore prosjektleiar, og som har sett saman bokkasser som har rullert mellom barnehagane. På den måten har barnehagane stadig fått nye nynorske bøker. Mange av barnehagane har også lånt ut bøker til foreldra. Frå 2014-2017 har om lag ti kommunar gjennomført prosjektet.

UTKAST TIL PROBLEMSTILLINGAR:

- Korleis arbeide med ulike grupper av tilsette når ein skal gjennomføre eit leseprosjekt?
- Korleis leggje til rette for leseaktivitetar i ulike barnegrupper?
- Kva slag bøker fungerer for ulike barnegrupper?

Meir om Lesefrø: <http://www.nynorsksenteret.no/nyn/alderssteg/barnehage/opplegg-og-idéar>

Prosjektansvarlege NYS: Liv Kristin Bjørlykke Øvereng og Anne Marta V. Vadstein.

3) Nynorske lesegleddarar (barnehage og grunnskule)

Nynorsksenteret ynskjer å legge til rette for meir og betre formidling av god nynorsklitteratur. Etter modell av lesegleddar-satsinga til Lesesenteret har Nynorsksenteret etablert eit nettverk av skolerte «lesegleddarar» for å auke både medvitet om og bruken av nynorsk litteratur i barnehagar og skular i nynorskområde. I 2015 vart den første gruppa skolert og sendt ut i felten i Sogn og Fjordane, i samarbeid med Fylkesbiblioteket. Våren 2017 blir ordninga utvida til å også omfatte Hordaland og Rogaland.

UTKAST TIL PROBLEMSTILLINGAR:

- Korleis kan lesegledeordninga vere med på å skape motivasjon for og stimulere til å lese fleire nynorske barnebøker?
- Korleis gi gode leseopplevingar til born?
- Kva slag bøker fungerer for ulike målgrupper?

Meir om lesegledearsatsinga: www.nynorsksenteret.no/nyn/om-senteret/nynorske-lesegledearar
Prosjektansvarleg NYS: Janne Karin Støylen og Liv Kristin B. Øvereng.

4) Barnehagelærerstudenten som formidlar av nynorsklitteratur

I 2014 etablerte Nynorsksenteret samarbeid med barnehagelærardanninga ved Høgskulen i Sogn og Fjordane (frå januar 2017: *Høgskulen på Vestlandet (HVL)*) om formidling av barnelitteratur på nynorsk. Her får studentane opplæring både i å vurdere ulike tekstar og korleis ein kan presentere dei for born i førskulealder. Sjå også studieplanen for BLU ved HiSF:

www.studiehandbok.hisf.no/no/content/view/full/14347

UTKAST TIL PROBLEMSTILLINGAR:

- Kvalitetskriterium i den nynorsk barnelitteraturen. Kva bok vel barnet og den vaksne?
- Korleis gi gode leseopplevingar til born?
- Korleis opplever barnehagelærerstudentar ordninga med å måtte lese nynorske bøker for barn som ein del av praksisen sin?

Kontaktperson NYS/HVL: Janne Karin Støylen

5) Korleis bruke nynorskbøker på mellomtrinnet

Foreningen !Les har i mange år gitt ut ein antologi med utdrag frå nokre utvalde ungdomsbøker til bruk i 8. klasse. Dette var grunnlaget for ein kampanje som skulle skape meir leselyst, og for ei kåring av årets beste ungdomsbok. Vinteren 2016 vart det utgitt ein tilsvarande antologi med berre nynorske tekstar, med tilhøyrande nettbaserte oppgåver. Målgruppa her var 7. klasse. Opplaget var 15000, og det fordelte seg nokså likt på nynorsk- og bokmålsskular. Tilbakemeldingane frå elevar og lærarar var svært gode. Ny runde med same målgruppe og opplag blir gjennomført vinteren 2017. Dette tiltaket er eit samarbeid mellom Nynorsksenteret og Foreningen !Les

UTKAST TIL PROBLEMSTILLINGAR:

- Kva verknader har denne kampanjen for elevane sin motivasjon til å lese nynorsk?
- Er det skilnad på korleis kampanjen fungerer i nynorskskular og bokmålsskular?

Kontaktpersonar: Janne Karin Støylen (NYS) og Ole Ivar Burås Storø (Foreningen !Les): ole@foreningenles.no

6) Nynorsk for framandspråklege vaksne (grunnskule)

I mange nynorsk-kommunar får framandspråklege elevar ved vaksneopplæringssentra norskopplæring på bokmål. Det gjeld også dei som skal ta grunnskuleeksamen ved same institusjon. Dei siste åra har fleire opplæringscenter gått over til å gi dette tilbodet på nynorsk i staden, i samsvar med opplæringsmålet elles i kommunen. I 2017 gjeld det nesten 50 kommunar.

Nynorskopplæring for vaksne framandspråklege er eit didaktisk nybrotsarbeid der lærarane i liten grad kan støtte seg på forskning. Det er difor viktig med aktiv erfaringsdeling mellom lærarane i desse opplæringsinstitusjonane. Nynorsksenteret etablerte i 2014 kontakt med opplæringssentra på Sunnmøre for å støtte dei i dette arbeidet og for å samarbeide om å utvikle ressursar for denne målgruppa. Vi har også hatt kontakt med «nynorskgruppa» i *Kompetanse Norge* (tidlegare VOX), det nasjonale vaksneopplæringsorganet.

UTKAST TIL PROBLEMSTILLINGAR:

- Kva utfordringar har desse lærarane og institusjonane som skal vere pilotar for nynorskopplæringa for denne målgruppa?
- Kva slag læremiddel og læringsressursar høver for denne målgruppa?

- Korleis motivere?

Kontaktpersonar NYS: Reidun Kydland og Ida Karin Aa. Kornberg

Ressursar på nynorsk for framandspråklege: www.nynorsksenteret.no/nyn/ressursbase-for-skulen/minoritetsspraklege

7) Sidemål på mellomsteget. God start med nynorsk

Arbeid med dei to norske målformene er ein ressurs for språklæringa. I følge Kunnskapsløftet skal elevar møte nynorsk gjennom høgtlesing, deretter lese sjølv og så eksperimentere med skrivning på nynorsk på mellomsteget. I 2014 til 2016 gjennomførte Nynorsksenteret *Tidleg start*-prosjekt ved tre skular i bokmålsområde (Bodø, Trondheim, Lørenskog). Tre skular i Bergen deltok det siste året. Føremålet var å prøve ut ulike måtar å jobbe med sidemålsopplæring på mellomsteget. Røynslene frå dette prosjektet er m.a. grunnlag for ein eigen ressurspakke i den nasjonale skrive- og lesesatsinga Språkløyper.

UTKAST TIL PROBLEMSTILLINGAR:

- I kor stor grad oppfyller skular med bokmål som hovudmål læreplanmålet om å eksperimentere med skrivning på sidemålet på barnetrinnet?
- Intervju av lærarar. Har dei endra praksis etter Tidleg start-prosjekt eller etter kompetanseheving i Språkløyper?
- Korleis er haldningane til og kompetansen i nynorsk blant ungdomsskuleelevar som har hatt Tidleg start-prosjekt på mellomsteget, samanlikna med andre som ikkje har hatt slike prosjekt?

Tidleg start-prosjektet: <http://www.nynorsksenteret.no/nyn/alderssteg/barnetrinn/tidleg-start>

Språkløyper-pakken *Sidemål på mellomsteget. God start med nynorsk*:

<http://sprakloyper.uis.no/category.php?categoryID=19582>

Prosjektansvarleg NYS: Anne Marta V. Vadstein

8) Sidemål på ungdomssteget: Nye vegar til betre nynorsk

Frå 2012 til 2015 hadde Torstad ungdomsskole i Asker eit samarbeid med Nynorsksenteret om eit fleirårig sidemålsprosjekt for heile ungdomstrinnet på skulen. Prosjektet hadde som mål å styrke nynorskdugleiken mellom elevane ved å skape mange positive språkmøte med nynorsk, og å gjere nynorsk til bruksspråk i norsk og andre fag.

UTKAST TIL PROBLEMSTILLINGAR:

- Korleis gjere sidemålsundervisinga på ungdomstrinnet meir engasjerande?
- Kva tiltak fungerer best?
- Kva skal til for å betre kompetansen og ferdigheitene i nynorsk? Hå elevane? Lærarane?

Nettadresse: www.nynorsksenteret.no/nyn/forsking-og-utvikling/samarbeidsprosjekt/2013-til-2014/torstad-ungdomsskole

Kontaktperson NYS: Torgeir Dimmen

9) Sidemål: Lærebøker og læremiddel på nynorsk i andre fag enn norsk

Ungdomstrinn og vidaregåande trinn

Dei siste åra har det vore gjennomført mange forsøk med bruk av lærebøker på nynorsk i andre fag enn norsk i klasser med bokmål som opplæringsmål. Nokre av desse prosjekta har Nynorsksenteret stått bak, m.a. ved Holmlia skole (2005-2007) og ved Stavanger Katedralskole (2011-2014). Metoden har blitt brukt av klasser på ungdoms- og vg-trinnet i ulike delar av landet, med gode tilbakemeldingar. Arbeidet med nynorske fagtekstar gir gevinst både i arbeidet med det aktuelle faget og i sidemålsundervisinga.

UTKAST TIL PROBLEMSTILLINGAR:

- Korleis kan ein best knyte saman arbeidet med språk og fag?
- Kva slag fag høver best til denne arbeidsmåten?
- Er det skilnader på røynslene mellom ulike landsdelar?

Nettadresse: www.nynorsksenteret.no/nyn/forskning-og-utvikling/samarbeidsprosjekt/2013-til-2014/stavanger-katedralskole

Film: www.nynorsksenteret.no/nyn/ressursbase-for-skulen/opplegg-og-tips/larebok-pa-nynorsk

Kontaktperson NYS: Heidi Fagna og Torgeir Dimmen

10) Generell språkopplæring: Styrk språket – styrk læringa

Nynorsksenteret har skaffa seg erfaringar om språkopplæring både for sidemåls- og hovudmålslevar i to avslutta utviklingsprosjekt: «Lærebøker og læremiddel på nynorsk i andre fag enn norsk» og «Å skrive i norskfaget». Erfaringane tyder på at arbeid med språklege fenomen i faget gir auka forståing både i faget og språket. Elevane treng å tileigne seg omgrep og frasar på nynorsk for å kunne formulere seg fagleg. Dette er i samsvar med brei forskning, og ligg til grunn for Kunnskapsløftet si vektlegging av grunnleggande ferdigheiter i alle fag. Også i forskning på andrespråksopplæringa blir det lagt vekt på at fag og språk går hand i hand.

UTKAST TIL PROBLEMSTILLINGAR:

- Kan språkleg og fagleg kompetanse sameinast?
- Kan arbeid med språket i andre fag enn norsk gjere nynorskeleven tryggare både fagleg og i hovudmålet sitt? Kan vi på denne måten utvikle nynorskdidaktikken på tvers av fag?

Kontaktperson NYS: Marit Wadsten

11) Vurdering: Forsøk med ein eller to karakterar i norskfaget (vg. trinn)

I 2013 inviterte Utdanningsdirektoratet vidaregåande skular over heile landet til å prøve ut ei ordning med færre karakterar i norskfaget i vg1 og vg2. Nynorsksenteret og Skrivesenteret har samarbeidd med eit utval av desse skulane om korleis denne ordninga kunne styrke opplæringa i heile norskfaget. Frå desember 2013 til april 2015 organiserte dei to sentera fire samlingar/seminar for dei 25 prosjektskulane. Programmet var ei blanding av faglege innlegg, diskusjon og erfaringsutveksling. NB: Forsøksperioden skulle opphavleg vare til og med skuleåret 2015/2016, men er no forlenga til 2018.

UTKAST TIL PROBLEMSTILLINGAR:

- Med utgangspunkt i eit utval prosjektskular: Korleis sikrar ein nynorskopplæringa/sidemålet i prosjektperioden?
- Korleis fungerer det å ha heile semester med bokmål eller nynorsk (såkalla "plogging", utprøvd m.a. ved Charlottenlund og Kongsbakken)?
- Korleis blir dei to målformene tatt omsyn til ved skular med ein karakter?
- Korleis taklar skulane i forsøket overgangen til tre karakterar i tredjeklasse?
- Samanlikning av arbeidsmåtar i ein klasse som er med i forsøket og ein som ikkje er det
- Korleis opplever elevar med bokmål som hovudmål nynorskopplæringa ved ein eller to karakterar i norsk?
- Kva for forskjellar peikar lærarane på med å vere med i forsøksordninga i forhold til tidlegare praksis?
- Er det skilnad på arbeidsmåtene ved bokmåls- og nynorsk-skulane? (Ved dei fleste prosjektskulane har alle eller nesten alle elevane bokmål som opplæringsmål, men det er også ein skule med eit stort nynorskmindretal (Valdres) og to skular med nynorskfleirtal (Volda, Firda).

Ein førebels rapport frå NYS og Skrivesenteret og utfyllande informasjon om seminarrekka finn du her:

www.nynorsksenteret.no/nyn/forskning-og-utvikling/fou_rapportar-1/karakterforsok

Evalueringssrapportar frå NIFU om karakterforsøket:

Delrapport 2 (november 2016): <https://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/2422341>

Delrapport 1 (november 2015): <https://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/2375095>

Prosjektansvarleg NYS: Hjalmar Eiksund og Torgeir Dimmen

12) Nynorsk som hovudmål (ungdomstrinn og vg.)

Elevar med nynorsk som hovudmål er ein minoritet i toskriftssituasjonen i Noreg. Bokmål dominerer i alle slags medium og på neste alle andre arenaer i samfunnet. Mange nynorskelevar får heller ikkje lærebøker, læremiddel og undervising på eiga målform. Dette gjer at nynorskelevar har andre vilkår for lese- og skriveopplæringa si enn elevar som har bokmål som opplæringsmål.

Kva konsekvensar får denne ulikskapen i dei språklege omgjevnadane for undervisinga til desse elevane? Dette veit vi for lite om.

UTKAST TIL PROBLEMSTILLINGAR

- Korleis påverkar manglande nynorsk i læreverk, i media og kommunikasjonsplattformer språksituasjonen til nynorskelevane?
- Bør ein velje andre strategiar for skriveopplæring i nynorsk enn i bokmål?
- Kva typar læringsressursar treng nynorskelevane?
- Kvifor byter så mange elevar frå nynorsk til bokmål i overgangen til ungdomstrinnet og til vg. trinn? Kva kan gjerast for å motverke dette?
- Korleis legg skuleeigarar og skuleleiarar til rette for at elevar skal halde på nynorsk gjennom heile skuleløpet?

Aktuelle ressursar:

www.nynorsksenteret.no/nyn/ressursbase-for-skulen/opplegg-og-tips/skriving-i-alle-fag

www.nynorsksenteret.no/nyn/alderssteg/vidaregaande/skriftleg

Kontaktperson NYS: Marit Brekke

13) Nynorsk i lærarutdanninga

Lærarutdanningane skal gje studentar kompetanse til å vere lærarar for alle delar av landet. Dette inneber at lærarane skal kunne undervise i og på nynorsk og bokmål. I rammeplanen for GLU 1-7 og 5-10 står det klart at ei ferdigheit er at kandidaten «behersker norsk muntlig og skriftlig, både bokmål og nynorsk, og kan bruke språket på en kvalifisert måte i profesjonssammenheng». I GLU-1-7 er norsk obligatorisk fag, medan det ikkje er det i GLU 5-10.

UTKAST TIL PROBLEMSTILLINGAR:

- Korleis sikrar lærarutdanningane at studentane får ei god opplæring i nynorsk? Kva er ei god nynorskopplæring?
- Korleis sikrar lærarutdanningane at dei studentane som ikkje har norsk som fag i GLU 5-10 får opplæring i nynorsk?
- Korleis sikrar høgskolar og universitet at studentane får oppfylt rettane sine til eksamen på eiga målform?

Nokre studentar kan få fritak frå kravet om kompetanse i begge målformene. §6 (2) seier: «Det kan gis fritak fra prøve i en av målformene i det obligatoriske norskfaget på 30 studiepoeng for studenter som ikke har vurdering i begge norske målformer fra videregående opplæring». §6 (3) Fritak skal føres på vitnemålet.

UTKAST TIL PROBLEMSTILLINGAR:

- Korleis blir dette praktisert? Korleis kjem dette fram på vitnemålet?
- Får dette konsekvensar for kvar desse studentane får jobb?

Kontaktperson NYS: Reidun Kydland